


Vertskommune for statleg asylmottak

UDI

Noreg har plikta seg til å verne flyktningar (Flyktningkonvensjonen). Det er Utlendingsloven frå 1988 som slår fast kven som får vern her. Dei fleste asylsøkarane som kjem hit, bur i asylmottak medan asylsøknaden vert handsama. Utlendingsdirektoratet har ansvaret for å organisere eit fleksibelt mottaksapparat, som kan innkvartere varierande tal flyktningar og asylsøkarar. For å løyse denne oppgåva best mogeleg, treng vi eit godt og konstruktivt samarbeid med kommunane.



Statleg asylmottak

Statleg asylmottak er eit tilbod om mellombels bustad for personar som søker asyl i Noreg. Her kan dei bu frå den datoen dei søker asyl og fram til busettinga i ein kommune, eller til dei forlét landet. Eit statleg mottak skal vere ein mest mogeleg normal bustad for personar i ein unormal livssituasjon. Tilbodet skal ha ein nøktern, men forsvarleg standard. Ibuarane i mottak får også økonomisk støtte til livsopphald.

Det er eit mål at mottaka skal vere lokalisert over heile landet. Dette heng saman med målsettinga om at flyktningar skal verte busette i alle delar av landet.

Å etablere og finansiere asylmottak er eit statleg ansvar. Utlendingsdirektoratet har det overordna ansvaret. Asylmottaka vert drivne av kommunale eller private driftsoperatørar som regionkontora til Utlendingsdirektoratet inngår avtale med. Driftsoperatøren står for den daglege drifta av mottaket etter Utlendingsdirektoratet sine retningslinjer.



Å etablere og drifte statleg asylmottak

All drift av mottak vert skaffa i tråd med lova av 16. juli 1999 om offentlege innkjøp. Vi annonserer etter driftsoperatørar i Databasen for kunngjeringar om offentlege innkjøp (DOFFIN), Norsk Lysningsblad, eventuelt også i den lokale pressa. Interesserte må tilby mottaksdrift som samsvarar med styringsdokumenta for statlege asylmottak. Den som leverer det beste tilbodet vert tildelt oppdraget.

Kommunal- og regionaldepartementet krev at minst 90 prosent av asylmottaka sin kapasitet skal vere utnytta. For å kunne ha eit fleksibelt system som kan tilpassast den varierande flyktningstraumen, har alle mottaksavtalar ein oppseiingsklausul.

Utlendingsdirektoratet kontrollerer kvaliteten i asylmottaka for å sikre at drifta samsvarar med gjeldande styringsdokument.

Kva betyr det å vere vertskommune for eit statleg asylmottak?

Ibuarane i statlege mottak har rett til helsetenester, barneverntenester og tolketenester på lik linje med dei andre innbyggarane i kommunen. Dei kommunale kulturtilboda er også opne for asylsøkarar.

Helsetenester

Helsetenesta i kommunen har ansvar for at ibuarane i statlege asylmottak får nødvendige helsetenester.

Asylsøkarar og familiemedlemene deira har ein avgrensa rett til ytingar etter folketrygdlova. Den avgrensa trygdedekkinga gjeld frå tidspunktet det er søkt om asyl og fram til det er gitt løyve om opphald, eller fram til endeleg avslag på asylsøknaden. Ved endeleg avslag vert utgifter til akutt handsaming dekka fram til personen forlét landet.

Alle asylsøkarar gjennomgår helseundersøking i transittmottak. Undersøkinga er i hovudsak ei kartlegging, og fokuserer på forhold som krev rask avklaring. Ved tuberkuloseundersøkinga vert positive funn meldt vidare. Smittefarlege personar får behandling inntil smittefaren er over før dei vert



flytta vidare. Helsetenesta i kommunen er ansvarleg for nødvendig oppfølging.

Asylsøkarar har rett til fastlege på lik linje med dei andre innbyggarane i kommunen. Skulehelsetenesta dekker barn i grunnskulealder medan yngre barn vert dekka av den allminnelege retten til helsekontroll. Ibuarane i statlege asylmottak vert omfatta av tannhelsetenesta i kommunane.

Barnevern

Barna er først og fremst foreldra sitt ansvar. Asylmottaket skal legge til rette for ein trygg, stabil og venta kvardag. På grunn av barna sin spesielle livssituasjon vil det vere behov for at mottaket og barneverntenesta i kommunen samarbeider godt.

Barneverntenesta i kommunen vil rutinemessig verte varsla av mottaket når barn utan foreldre kjem. Mottaket og kommunen vil ha eit særleg ansvar overfor einslege mindreårige då dei har behov for ekstra oppfølging og omsorg.

Verjemålslova omfattar einslege mindreårige i statlege asylmottak, og mottaket skal rutinemessig melde frå til overformynderiet når einslege mindreårige kjem til mottaket. Overformynderiet er ansvarleg for å oppnemne ein hjelpeverje.

Dersom kommunar tek over omsorga for barn i statlege mottak, vert utgiftene dekka ved refusjonsordninga frå den fylkeskommunale fagstyremakta. Kommunar kan søke Utlendingsdirektoratet om eit særskilt tilskot for tida på kroner 93.000,–.

Utdanning

Barn og unge i statlege asylmottak har rett og plikt til offentleg grunnskuleopplæring når opphaldet i landet er venta å vare i meir enn tre månader. Kommunen pliktar å gi særleg opplæring til elevar frå språklege minoritetar.

Innvandrarar og flyktningar har, likt folk elles, rett til grunnskuleopplæring dersom dei ikkje har tilsvarande kompetanse frå heimlandet. Asylsøkarar har ikkje denne retten.

Tolketenester

Tilgang på kvalifisert tolketeneste er nødvendig for å sikre at flyktningen får eit tilbod som er likeverdig med det folk elles får. Rettleiings- og informasjonsplikta til forvaltinga tilseier at kommunen sørgjer for nødvendig tolketeneste for å kunne yte eit forsvarleg tilbod i forhold til den einskilde sine behov. Den instan-



sen som har behov for tolk, bestiller og dekkar utgiftene til tolketeneste.

Økonomisk kompensasjon og tilskot

Vertskommunar får eit årleg tilskot som skal kompensere for dei gjennomsnittlege utgiftene i samband med helsetenester, barnevern, tolketenester og administrasjon. Tilskotet består av ein grunnsats på kr. 175.000,– (uavhengig av tal mottak i kommunen) pluss kr. 1.900,– pr. mottaksplass.

Tilskot knytt til utdanning

Vertskommunar får tilskot til opplæring av elevar i grunnskulealder som har opphald i statlege asylmottak. Tilskotet skal også dekke kommunen sine utgifter til særskilt norsk- og morsmåloplæring for grunnskuleelevar i mottak. Statens utdanningskontor er ansvarlege for utbetalingane.

Tilskot vert også ytt til ekstra språkopplæring for minoritetsspråklege elevar/lærlingar i vidaregåande skule. Tilskotet vert omtala i eit årleg rundskriv som vert utarbeidd av Utdannings- og forskningsdepartementet. (Rundskriv F-19-02. «Tilskudd til opplæring for språklige minoriteter i grunnskolen, kap. 221 post 65 – Skoleåret 2002/2003»).

Kommunane får tilskot til opplæring i norsk med samfunnskunnskap for ibuarar i mottak etter reglar som er fastsett av Undervisnings- og forskningsdepartementet. Utdanningskontora administrerer ordninga.

Mottaket og lokalsamfunnet

Det er viktig at kommunen i samarbeid med mottaket legg tilhøva til rette for at ibuarane vert ein del av lokalsamfunnet. Asylmottaket er ein ressurs for kommunen i kultur og næringslivet. Mottaket tilfører også kommunen arbeidsplassar.

For mange asylsøkarar er opphaldet i eit statleg asylmottak det første steget inn i det norske samfunnet.



Nyttig informasjon

Lov om offentlige anskaffelser av 16. juli 1999 nr. 69, NHD

Forskrift om offentlige anskaffelser av 15. juni 2001 nr. 616, NHD

Databasen for offentlig innkjøp (DOFFIN) Norsk Lysningsblad
www.doffin.no

www.udi.no/mottak

Kommunehelsetjenesteloven av 19. november nr. 66 1982
www.lovdata.no/all/hl-19821119-066.html

Retningslinjer for helsetjenester til innvandrere og asylsøkere
www.helsetilsynet.no/regelver/rundskri/1993/ik-0993.htm

Retningslinjer for tannhelsetjenesten til flyktinger og asylsøkere i statlige mottak
www.helsetilsynet.no/regelver/rundskri/1999/i-2399.htm

Smittevernloven Veileder – Førstegangs helseundersøkelse
www.helsetilsynet.no/regelver/rundskri/1997/ik-2595.htm

Tilbud om HIV-test til asylsøkere og innvandrere
www.helsetilsynet.no/regelver/rundskri/1993/ik-2793.htm

Lov om barneverntjenester av 17. juli nr. 100 1992
www.lovdata.no/all/hl-19920717-100.html





www.udi.no/mottak



Utlendingsdirektoratet (UDI)
Integreringsavdelingen

Postboks 8108 Dep.
NO-0032 OSLO

Telefon: 23 29 21 25
Faks: 23 29 21 66

E-post: udi@udi.no
Internett: www.udi.no

Design og layout: www.cazawa.com Foto: Trond Isaksen Trykk: M. Seyfarth Trykkeri AS

Utgitt: Desember 2002
Opplag: Bokmål, 4.000 stk. og nynorsk, 1.500 stk.

